

## Kåringsjå i Sauland 8. oktober 2011.

Kåringsjået var i hallen til Åse og Roar Fjeld på Kleppen i år som i fjor. Det var ca. 20 sauebønder som kom med sine håpefulle. Det vart kåra værar av rasane Norsk kvit sau, Spælsau, Suffolk og Pelssau. Avlsutvalet i Telemark hadde hovudansvaret for gjennomføringa av sjået, og Aust-Telemark Sau og Geit stod for matsalet.

Det var mange som kom for å sikra seg ein kåra vær, og det vart i år seld fleire kåra værslam på sjølve sjået enn i fjor. Nokon av medlemmene i ring 97 la i år ut værar til sal på heimesida til Aust-Telemark Sau og Geit. Dette bidrog til at dei fleste værane vart selde. Interesse rundt kåringsjået er stor, og syner at denne dagen er viktig for sauemiljøet vårt.

Sauemiljøet i Telemark takkar Åse og Roar for at me har mogelegheit til å nytta den flotte hallen til dette arrangementet.

Det var litt færre "vanleg" skuelystne i år enn i fjor. Dette kan ha samanheng med at me i fjor hadde fleire fine omtaler i avisene i før sjået. Me hadde óg fleire aktivitetar.

Premien for "Best in show" vart i år deila mellom den beste spælen og den beste NKSen.

### Premieliste:

#### NKS:

- Beste avlsverdi/høgaste poengsum:  
Værnr. 201132580 Søren og Torhild Sisjord
- Beste Eksteriør: 201132604 Oddvar Brekke
- Beste ull: 201132596 Odd Haugland og Rita Sagafoss

#### SPÆL:

- Beste avlsverdi/høgaste poengsum:  
201132732 Åse og Roar Fjeld
- Beste eksteriør: 201132752 Kari Tellefsen og Arne Vinje
- Beste ull: 201132751 Kari Tellefsen og Arne Vinje

"Best in show"

NKS: 201132596 Odd Haugland og Rita Sagafoss

SPÆL: 201132752 Kari Tellefsen og Arne Vinje

Kåringssted	Bedømte		Kåra		Kåra på disp		Vraka	
[Gardskåring]	2	100%	2	100%	0	0%	0	0%
Rauland	91	100%	77	85%	8	9%	6	7%
Sauland	124	100%	108	87%	8	6%	8	6%
Telemark	217	100%	187	86%	16	7%	14	6%